



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
05.10.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/4189 - 331.1
Dykkar referanse

Kommunane i fylket

Kommuneøkonomi – budsjettåret 2013

I dag presenterte regjeringa framlegg til statsbudsjett for 2013. Fylkesmannen vil her gje eit samandrag som kan vere nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust.

Kommunane i fylket får ein vekst i frie inntekter under landsgjennomsnittet. 4 kommunar ligg over landsgjennomsnittet, medan 22 ligg under.

Vi tek innleiingsvis med vesentlege endringar for inneverande år.

Endringar i år – 2012

Samanlikna med revidert nasjonalbudsjett (RNB) i mai er skatteanslaget samla for kommunesektoren oppjustert med 2,6 mrd. kroner. Av dette gjeld 2,2 mrd. kroner primærkommunane. Desse inntektene får kommunane behalde, men dei vert ikkje vidareført til 2013. Løns- og prisvekst (deflatoren) er anslått til 3,2 %, ein auke på 0,2 % frå det som vart lagt til grunn i RNB. Forklaringa på dette er eit høgare anslag (4,1 %) på lønsoppgjeret.

Etter dette reknar ein med at realveksten i dei samla inntektene blir 6,9 mrd. kroner (tilsvarande 1,9 %) frå 2011 til 2012. Av dette utgjer realveksten i frie inntekter 5,4 mrd. kroner (1,9 %). Realveksten frå 2010 til 2011 var 8,4 mrd. kroner (2,4 %) i samla inntekter, medan frie inntekter auka med 3,1 mrd. kroner (1,1 %).

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2013

I tråd med det som vart varsla i kommuneproposisjonen, held inntektsveksten fram i 2013. Det vart då varsla vekst i samla inntekter på mellom 5 ¼ og 6 mrd. kroner, av dette vekst i frie inntekter mellom 4 ¾ og 5 mrd. kroner. I statsbudsjettet 2013 ligg det inne vekst på 6,8 mrd. kroner (1,8 %) i samla inntekter, og av det 5 mrd. kroner (1,7 %) i frie inntekter til kommunesektoren, fordelt på 4,2 mrd. til kommunane og 0,8 mrd. til fylkeskommunane. Veksten er rekna ut frå anslag på inntektsnivå for 2012, som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Dei ekstra skatteinntektene i 2012 fører til at veksten i inntekter frå 2012 til 2013 blir lågare når den vert rekna frå anslag rekneskap 2012.

Etter anslag rekneskap 2012 er nominell vekst i frie inntekter frå 2012 til 2013 for kommunane 9,9 mrd. kroner, eller 4,1 %. Realveksten er 2 mrd. kroner, eller 0,8 %.


Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Prognose for skatt og rammetilskot (kommunen sine frie inntekter)

Diagrammet¹ under forklarar utviklinga i kommunesektoren sine frie inntekter frå 2012 til 2013.

Vekst i frie inntekter fra 2012 til 2013

16

Kommunal- og regionaldepartementet

Dette gjev slik vekst i dei frie inntektene etter anslag rekneskap 2012:

Nominell vekst: 4,10 % For Sogn og Fjordane samla: 3,40 %

Prisvekst (deflator): 3,30 % 3,30 %

=> *Realvekst i frie inntekter(avrunda):* 0,8 % 0,1 %

Veksttala frå 2012 til 2013 varierer mellom kommunane (sjå tabell og grafisk framstilling). Generelt er at følgjande punkt påverkar kommunane ulikt:

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjinga
- endringar i regionalpolitiske tilskot
- endring i tildelt skjønn
- endra kriteriedata
- endringar på skatt (skattedel og inntektsutjamninga)


I budsjettet for 2013 kan kommunane ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter, men må sjølve justere for lokale tilhøve. For 2013 gjeld folketal per 1. juli 2012 for innbyggjartilskotet (inkludert inntekstgarantitilskotet) og kriteria som går på aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata er frå 1. januar 2012. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga vert vidareført med teljedato 1. januar i budsjettåret.

¹ Kommunal- og regionaldepartementet sitt lysark

Tabell for overslag på nominell vekst i frie inntekter i 2013 for kommunane:

Kommune	Anslag på frie inntekter 2012 (1 000 kr)	Anslag på oppgåve-korrigerede frie inntekter 2012 (1 000 kr)	Anslag på frie inntekter 2013 (1 000 kr)	Anslag på oppgåve-korrigert vekst 2012-2013 (1 000 kr)	Vekst rekneskap 2012-2013 (prosent)
	1	2	3	4	5
1401 Flora	555 697	559 364	582 630	23 267	4,2
1411 Gulen	142 835	144 218	147 676	3 458	2,4
1412 Solund	59 466	60 204	61 269	1 066	1,8
1413 Hyllestad	88 380	89 205	92 059	2 854	3,2
1416 Høyanger	222 811	224 814	231 447	6 634	3,0
1417 Vik	150 718	152 193	156 004	3 811	2,5
1418 Balestrand	84 952	85 860	87 621	1 761	2,1
1419 Leikanger	112 647	113 764	116 781	3 018	2,7
1420 Sogndal	326 932	329 338	339 651	10 314	3,1
1421 Aurland	101 150	102 120	104 449	2 330	2,3
1422 Lærdal	122 391	123 595	126 429	2 833	2,3
1424 Årdal	266 186	267 823	276 072	8 249	3,1
1426 Luster	262 729	264 867	273 429	8 563	3,2
1428 Askvoll	164 441	165 922	171 919	5 997	3,6
1429 Fjaler	162 148	163 411	168 028	4 618	2,8
1430 Gaular	151 203	152 699	157 237	4 538	3,0
1431 Jølster	166 819	168 633	172 268	3 635	2,2
1432 Førde	552 776	557 233	585 763	28 530	5,1
1433 Naustdal	144 439	145 882	150 744	4 862	3,3
1438 Bremanger	223 166	224 899	235 136	10 237	4,6
1439 Vågsøy	304 192	306 347	314 976	8 629	2,8
1441 Selje	151 482	152 929	157 370	4 440	2,9
1443 Eid	272 525	274 596	291 529	16 932	6,2
1444 Hornindal	75 155	76 065	77 745	1 680	2,2
1445 Gloppen	301 551	303 947	311 205	7 257	2,4
1449 Stryn	350 573	353 131	362 458	9 327	2,6
<i>Fordelast gjennom året</i>	<i>11 300</i>	<i>11 300</i>	<i>11 350</i>		
Sogn og Fjordane	5 528 662	5 574 355	5 763 244	188 889	3,4

(Kommunal- og regionaldepartementet sin tabell i Grønt hefte haust 2012)



Grafisk framstilling av tabellen over, prosentvis nominell vekst i frie inntekter. Løns- og prisauken (deflator) er 3,3 %.

Veksten i dei frie inntektene må sjåast i samanheng med auka utgifter for kommunesektoren knytt til folketalsutvikling og pensjon.

Meirutgifter som følgje av folketalsvekst som må dekkjast av frie inntekter, er berekna til 3 mrd. kroner. Av dette gjeld om lag 2,4 mrd. kroner primærkommunane (i kommprp. 2013 var anslaget 2,5 mrd. kroner).

I 2013 er det forventa at pensjonsutgiftene vil auke med 1,4 mrd. kroner utover det som er kompensert gjennom deflatoren. Primærkommunane sin del er rekna til 1,1 mrd. kroner.

Med ein større auke i utgifter til demografi og pensjon, er det sannsynleg at kommunane sjølve må dekkje noko av meirutgiftene utover veksten i frie inntekter.

Pris- og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter for 2013, vert det lagt til grunn ein vekta løns- og prisvekst (deflator) på 3,3 % på kommunal tenesteyting.

Lønsvekst	4,00 %	(vekt 0,635)
Varer/tenester	2,00 %	(vekt 0,365)
Samla prisvekst/deflator:	3,30 %	

Skattøyre

Den kommunale skattøyren for personlege skattytarar blir sett til 11,6 %, uendra frå 2012. Skattedelen er rekna å bli 40 % av dei samla inntektene for kommunesektoren, ei mindre oppjustering frå 2012 (39,5 %).

Andre punkt i kommuneøkonomien for 2013

Inntektssystemet

- I 2013 blir øyremerka tilskot til kommunalt rusarbeid innlemma i rammetilskotet med 333 mill. kroner, og blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp.
- Midlar til kvalifiseringsprogrammet (innlemma i rammetilskotet 2011) og midlar til fysioterapi knytt til styrka kommunalt ansvar for medfinansiering til den avtalebaserte fysioterapitenesta, har etterinnlemminga i 2009 vore fordelt med særskild fordeling i inntektssystemet. Frå og med 2013 blir midlane fordelt etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet.
- Delkostnadsnøkkelen for barnehage er justert for å ta omsyn til endringa i ordninga med kontantstøtte frå august 2012.

I 2013 er det lagt inn 913 mill. kroner i rammetilskotet til nye oppgåver:

- Nominell vidareføring av foreldrebetaling i barnehagar, 336 mill. kroner. Av dette er 63 mill. kroner kompensasjon for heilårsverknad av tiltaket i 2012 og 273 mill. kroner er knytt til vidareføring av tiltaket i 2013.
- Omlegging av ordninga med kontantstøtta er lagt inn med 309 mill. kroner, som er kompensasjon for heilårseffekten av tiltaket i 2012.
- Opptrapping av minimumstilskotet (92 % til 94 %) til ikkje kommunale barnehagar er lagt inn med 99 mill. kroner, der 41 mill. kroner er kompensasjon for heilårsverknad av tiltaket i 2012 og 58 mill. kroner knytt til vidareføring av tiltaket i 2013.
- Valfag på 8. og 9. trinn, 159 mill. kroner i rammetilskotet. Av dette er 93 mill. kroner kompensasjon for heilårsverknad av innføring valfag på 8. trinn i 2012 og 66 mill. kroner er knytt til innføring av valfag på 9. trinn frå hausten 2013.
- Innføring av frivillig, gratis kulturskuletilbod i SFO frå hausten 2013 – 72 mill. kroner.
- Uttrekk av rammetilskotet til kommunane på 83 mill. kroner etter frigjorte midlar ved utbygging av tilbod om øyeblikkelig hjelp knytt til Samhandlingsreforma.

Barnevern

- Øyremerka ordning med tilskot blir vidareført og auka med 205 mill. kroner til totalt 500 mill. kroner i 2013.

Omsorgsplan 2015

- Investeringsstilskot på til saman 87,5 mill. kroner til 1750 nye tilsegn til heildøgns omsorgsplassar.
- Øyremerka tilskot til aktivitetstilbod på dagtid for demente – 100 mill. kroner.
- Årsverk til plassane blir dekt innanfor veksten i frie inntekter.

Samhandlingsreforma

Midlar som vart lagt inn i 2012 til medfinansiering, utskrivingsklare pasientar og særskild kompensasjon ligg i rammetilskotet og er prisjustert. Det øyremerka tilskotet til etablering og drift av øyeblikkeleg hjelp som kom i 2012 blir trappa vidare opp. Budsjettet i 2012 er 131 mill. kroner, og auka til 270 mill. kroner i 2013.

Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg

Ordninga blir vidareført gjennom å fase inn ytterlegare 1 mrd. kroner i 2013. Forslaget har ein budsjetteffekt på 20 mill. kroner. Ordninga blir forvalta av Husbanken.

Forsøk med styrka lærartettleik

Tilskotsordning over fire år som eit forsøk med styrka lærartettleik i ungdomsskulen frå skuleåret 2013, løyvd 157 mill. kroner til ordninga.

Administrasjon av val

Det er sett av 66 mill. kroner til vidareutvikling og implementering av elektronisk system for administrasjon av val.

For nokre av desse kjem det nærare omtale på nettstaden vår.

Skjønn for 2013

Vi viser til eige brev med fordeling av skjønnsstilskot til kommunane, sendt Kommunal- og regionaldepartementet 16.09.2012. Jf. og eigen artikkel på vår nettside. Samanlikna med 2012 er fylkesramma for skjønnsmidlar redusert med 1,4 mill. kroner, til 77,4 mill. kroner. Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift til kommunane Flora, Førde og Sogndal er i 2013 ikkje justert for lønsauke, og er dermed den same som i 2012. Frå 2011 vart det sett av 400 mill. kroner av skjønnsramma til kommunar som tapar på endringane i inntektssystemet. Midlane vart fordelte direkte frå departementet til kommunar som tapte meir enn kr 100 per innbyggjar på totale verknader av endringane i inntektssystemet i 2011. Kommunane vart kompensert med om lag halvparten av tapet utover kr 100 per innbyggjar. Tilskotet skal liggje fast inntil neste revisjon av kostnadsnøklane. Åtte kommunar i Sogn og Fjordane får i 2013 samla tildelt 6,8 mill. kroner.

Inntektssystemet

INGAR (inntektsgarantitilskotet)

Tilskotet skjermar kommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til eit anna. Det sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn kr 300 per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis (kr 635 per innbyggjar). Tilskotet fungerer slik at det tek lang tid før større endringar får fullt gjennomslag i inntektssystemet, medan det tek kortare tid for mindre endringar. Sidan INGAR er ei ordning for omfordeling, er alle kommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp per innbyggjar. I 2013 er finansieringa kr 62 per innbyggjar. Kommunane Solund, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Vågsøy, Gloppen og Stryn får INGAR-kompensasjon etter at finansieringa er trekt i frå.

Distriktstilskot Sør-Noreg, veksttilskotet og småkommunetilskotet

Følgjande kommunar får distriktstilskotet: Høyanger, Årdal, Luster, Bremanger, Vågsøy, Eid, Gloppen og Stryn. Ingen av kommunane i fylket har ein vekst i folketalet for perioden 2009 - 2012 som gjer at dei får veksttilskotet. Småkommunetilskotet vert gitt til kommunar som har færre enn 3200 innbyggjarar. For å få tilskotet må kommunen i tillegg ha ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei tre siste år som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet. Tilskotet er prisjustert, og utgjer per kommune i 2013 kr 5 161 000. Med unntak av Aurland får alle kommunar i fylket med innbyggjartal under 3 200 småkommunetilskotet.

Dersom det er spørsmål knytt til innhaldet i brevet, ber vi om at kommunen tek kontakt med Kåre Træen, tlf. 57 64 30 04 / 97 75 79 56 e-post fmsfkr@fylkesmannen.no eller Marit Lunde tlf. 57 64 30 05 e-post fmsfmlu@fylkesmannen.no.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

